



Nyhende →

Utvidar opningstidene med sjølvbetent butikk

– Det er steinhardt å drive Nærbutikk på ein liten plass, men butikken er så viktig for bygda, seier Siv Merete Bakke, butikksjef ved Nærbutikken på Davik. No satsar dei nytt.



Siv Merete Bakke, butikksjef ved Nærbutikken på Davik håpar sjølvbetent butikk kan gi bygda eit løft. FOTO: PRIVAT

Joakim Vedvik

Oppdatert: 1 dag siden

Måndag denne veka kunne Nærbutikken på Davik kome med ei skikkeleg gladmelding til bygdefolket.

No utvidar dei opningstidene med sjølvbetent butikk.

Butikksjef Siv Merete Bakke fortel at både bygdefolket og Nærbutikken ser svært positivt på denne endringa.



Ledige stillingar

Styrar Vikane barnehage

Søknadsfrist 12.03.24

 STRYN KOMMUNE

[Les meir >](#)

– 90 prosent idealisme og dugnad

– Det er steinhardt å drive Nærbutikk på ein liten plass som Davik, men butikken er så viktig for bygda. Med låg befolkningsvekst og ein butikk som er drive med 90 prosent idealisme og dugnad så var det ikkje lyse framtidsutsikter. Derfor har vi no gjennomført tiltak, fortel Bakke ved Nærbutikken.

Frå måndag av kunne du nemleg handle på butikken frå 06:00–23:30, sjølv om bemanninga berre er der frå 10–18.

– Det var ikkje aktuelt å utvide bemanninga, så for å utvide tilbodet til bygdefolket, turistane og bubilgjestane så har vi fått på plass sjølvbetent butikk. Her skannar du deg inn utanfor butikken, og betala i sjølvbetent kasse, og skannar deg ut igjen.

– Alt blir sjølvsagt nøye overvaka, påpeikar Bakke som håpar at denne nye ordninga kan gi både omsetninga og bygda ein liten boost.



På Nærbutikken på Davik kan du no gå på butikken frå tidleg om morgonen til seint på kveld. **FOTO:** PRIVAT

ARTIKKELEN FORTSETTER UNDER ANNONSEN



OPERA NORDFJORD

FESTKONSERT

Velkommen til eit fyrverkeri av ein festkonsertturné!

Førdehuset 14. mars
Operahuset Nordfjord 15. mars
Operahuset Nordfjord 16. mars

 

[Kjøp billett her](#)

 Sparebanken Vest



Første i Bremanger kommune

Bakke fortel at sjølvbetent butikk er eit prosjekt som Merkur-programmet begynte med for nokre år sidan.

Dette skal vere med på å berge alle dei små butikkane rundt om i landet.

– Det blei sett i gang prøvebutikkar rundt om i landet med veldig positive tal og tilbakemeldingar. Derfor har Norgesgruppen no sagt ja til å byrje med dette puljevis på Nærbutikkane også, fortsett Bakke som legg til at Nærbutikken på Davik blir den første i Bremanger kommune som blir sjølvbetent.

Håpar på omsetningsvekst

– Vi håpar sjølv sagt at utvida opningstider med sjølvbetening kan føre til at omsetninga går litt opp. Å drive ein Nærbutikk er ikkje noko gullgruve, seier Bakke.

Ho fortel at i 2023 så gjekk dei omtrent i null, og til tider er det svært utfordrande å ta inn varer.

– Å behalde butikken er kjempeviktig for bygda. Det er det einaste sosiale møtepunktet ein har på Davik på dagtid. Vi har ein kaffikrok med mykje aktivitet, og der blir det løyst verdsproblem, humrar Bakke før ho fortset:

– Vi har også utlevering av pakkar, og om ein mistar butikken så må ein heilt til Svelgen for å hente ut pakkane sine. Butikken er viktigare enn vi er klar over, konstaterer ho.

ANNONSØRINNHold



Disse gründerne er i Næringsstift-finalen:

En million i sikte

Bakke håpar no at den nye ordninga vil stoppe litt av handelslekkasjen og at alle dei som ikkje har anledning til å handle mellom 10 og 18 vel å bruke Nærbutikken sitt nye sjølvbeteningstilbod.



– Butikken er viktigare enn vi er klar over, seier Siv Merete Bakke, butikksjef ved Nærbutikken på Davik.

FOTO: ARKIV/PER OLE LEFDALSNES

Har også søkt om søndagsopen butikk

– I tillegg til sjølvbetent butikk, som vi forøvrig har fått svært gode tilbakemeldingar på så langt, så har vi søkt om å få ha søndagsopen, fortel Bakke.

Ho trur at desse to tiltaka kan vere med på å redde butikken i åra framover.

– Om sommaren så er folketalet på Davik mykje høgare enn elles på året. Då har vi Dampen, bubilcampen og mykje turistar som er avhengige av å få handla. Då er det veldig fint for dei å smette innom butikken når det passar for dei.



– Sommarfolka våre kjem ofte frå meir tettbygde strøk med gode tilbod, og då hjelp det ikkje at dei kjem til ein stengt butikk, seier butikksjefen som håpar å få det gjennom hos fylkeskommunen så fort som råd.

Publisert: onsdag 6. mars 2024 kl. 13:41

Oppdatert: 1 dag siden



UTFORSK TEMA:

BUTIKK

NÆRINGS LIV

DAVIK

BREMANGER KOMMUNE

NORGESGRUPPEN

0 kommentarer

Denne artikkelen har ingen kommentarer.

Si din mening, camilla_moen

Publiser kommentar

Lignende artikler



God start på cruisesesongen – Veldig godt å vere i gong igjen +



Vil utvide konseptet - ber om ja for Tårkiosk +



Vestlandsbedrifter manglar kompetanse +

Nyhende



Suste gjennom tunnelen i 126 km/t - no har han fått dommen +



Fleire skjermar i frontruta gav forbod mot å køyre vidare +



No er han innstilt som leiar i Mållaget for tredje gong +

POLARIS MEDIA Schibsted

Fjordabladet er en del av Polaris Media. Vi er ansvarlig for dine data på denne siden og har et annonse- og datasamarbeid med Schibsted. [Les mer.](#)

Ansvarleg Redaktør / Dagleg Leiar
Ingebjørg Nilsen

Redaksjon
redaksjon@fjordabladet.no
Telefon Redaksjon
57 88 53 10

Fjordabladet arbeider etter Vær Varsom-plakatens regler for god presseskikk. Se også Redaktøransvar. Fjordabladet har ikke ansvar for innhold på eksterne nettsider som det lenkes til. Alt innhold er opphavsrettslig beskyttet 2024 © Fjordabladet.

[Informasjon om bruk av «cookies» og personvernpolicy.](#)

[Samtykkeinnstillinger](#)

[Informasjon om åpenhetsloven.](#)